

Møteprotokoll

Utval: **Naustdal-Gjengedal verneområdestyre**

Møtestad: Kommunehuset, Skei

Dato: 11.03.2016

Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	
Håkon Myrvang	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	
Leidulf Rygge Bogstad	Medlem	
Gunhild Berge Stang	Medlem	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/2016	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
RS 1/2016	Orienteringssaker		
ST 3/2016	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Konstituering av styret for 2016-2019		2016/879
ST 4/2016	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyringsuttale småkraftpakke i Gloppen		2016/879
ST 5/2016	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde - Søknad om å bygge om naust - Anders Søreide		2016/818
ST 6/2016	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde - Søknad om helikopterlandig - Indre Sunnfjord Turlag		2015/4153
ST 7/2016	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde - Fleirårig øvingsplan - Gloppen Røde Kors Hjelpekorps		2016/657
ST 8/2016	Naustdal-Gjengedal landskapsvernombåde - Fleirårig øvingsplan - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps		2015/293
ST 9/2016	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidlar for 2016		2016/879
ST 10/2016	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Besøksstrategi		2016/879
ST 11/2016	Eventuelt		

ST 1/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader

ST 2/2016 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Framlegg til vedtak frå forvaltar:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert av dei som sat i det førre styret

Vedtak:

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert

RS 1/2016 Orienteringssaker

Orienteringssakene vart tekne til vitande av styret

Arkivsaksnr: 2016/879-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 29.02.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/2016	11.03.2016

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Konstituering av styret for 2016-2019

Det skal veljast:

- Leiar
- Nestleiar

Verneområdestyret må ta stilling til om det skal opprettast Arbeidsutval. Og dersom det skal opprettast, kven som skal sitte der.

Styret hadde arbeidsutval i førre perioden. Behovet for arbeidsutval vart mindre når det vart opna for meir delegering av vedtaksmynne til forvaltar. Arbeidsutvalet hadde ikkje møte i 2015.

Styret kan kome med føringar til styreaktiviteten:

- Kor ofte skal vi ha møte?
- Kor skal vi ha møte?
- Andre prosedyrar for drift av styra?

Saksprotokoll Naustdal-Gjengedal verneområdestyre møte 1/2016 - 11.03.2016

Vedtak

Styret valde Håkon Myrvang til styreleiar for perioden.

Styret valde Oddmund Klakegg til nestleiar for perioden.

Styret valde å ikkje opprette arbeidsutval på noverande tidspunkt.

Føringar for styreaktiviteten:

Styret skal ha min 4 møter i året.

Styret skal jobbe for å få til ein studietur til eit relevant område. Styret satsar og på å få til ein tur til Longevasshytta i 2016.

Arkivsaksnr: 2016/879-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 29.02.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/2016	11.03.2016

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Høyringsuttale småkraftpakke i Gloppen

Bakgrunn

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har lagt ei «pakke» med 12 konsesjonssøknader på småkraftverk i Gloppen ut på høyring. Ingen av søknadane inneber regulering eller inngrep inne i landskapsvernombordet. Men 5 av søknadene litt meir eller mindre rett i nærleiken av grensa eller ligg i /ved innfallsport til verneområdet.

Sidan ingen av prosjekta inneber inngrep innanfor landskapsvernombordet, so har ikkje verneområdestyret noko formell rolle der de skal gje løyve eller avslag til prosjekta. Der er likevel naturleg at styret følgjer med på det som skjer i randsona til verneområdet og har meininger om saker som kan påverke verneområdet og kvalitetar der. Verneområdestyret er derfor ein naturleg høyringspart i desse sakene.

Verneområdeforvaltaren har derfor skrive framlegg til høyringsuttaler til prosjekta Ommedal, Sessaelva, Rauset, Traudalen og Langedalselva. I korte trekk går dei ut på:

- At ingen av dei ligg innanfor landskapsvernombordet.
- At nokon av dei ligg i viktige innfallsportar.
- I nokre av sakene er det lagt vekt på at inntak etc skal vere lite synlege. Der har eg peika på at det er positivt.
- Eg har lagt inn ei generell oppmoding i alle om at alle inngrep og installasjonar bør gjerast so lite synlege som mogeleg i terrenget/landskapet.
- Eg har ikkje teke stilling til om verneområdestyret skal seie ja eller nei til nokon av konsesjonsøknadane. Men eg har skrive i alle framlegga at eg ikkje ser noko negative konkrete verknader på verneområdet i nokon av prosjekta.

Handsaming i møtet

Verneområdestyret må ta stilling til om det skal sendast høyringsuttaler til konsesjonssøknadane og kva som skal stå i desse.

Saksprotokoll Naustdal-Gjengedal verneområdestyre møte 1/2016 - 11.03.2016

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sender inn høyringsuttaler til småkraftsøknadane i tråd med utkasta som forvaltar har lagt fram.

Arkivsaksnr: 2016/818-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 29.02.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/2016	11.03.2016

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord - Søknad om å bygge om naust - Anders Søreide

Innstilling frå forvaltar

Anders Søreide får løyve til å heve taket på naustet sitt ved Vardevatnet med inntil 50 cm. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.a), og gjeld på følgjande vilkår:

- Fasadeendring skal skje i tråd med eksisterande byggeskikk.
- Naustet skal framleis ha torvtak, liggande kledning og nøytral farge.
- Søkjaren har ansvar for å rydde opp etter at arbeidet er ferdig. Alt avfall skal fjernast.
- Arbeidet skal dokumenterast med foto og ein enkel rapport etter at det er ferdig, rapporten skal sendast til verneområdeforvaltaren.
- Arbeidet skal vere gjennomført innan utgangen av 2017.

Saksprotokoll Naustdal-Gjengedal verneområdestyre møte 1/2016 - 11.03.2016

Vedtak

Anders Søreide får løyve til å heve taket på naustet sitt ved Vardevatnet med inntil 50 cm. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 1.3.a), og gjeld på følgjande vilkår:

- Fasadeendring skal skje i tråd med eksisterande byggeskikk.
- Naustet skal framleis ha torvtak, liggande kledning og nøytral farge.
- Søkjaren har ansvar for å rydde opp etter at arbeidet er ferdig. Alt avfall skal fjernast.
- Arbeidet skal dokumenterast med foto og ein enkel rapport etter at det er ferdig, rapporten skal sendast til verneområdeforvaltaren.
- Arbeidet skal vere gjennomført innan utgangen av 2017.

Vurdering

Dokument i saka:

- Søknad om ombygging av naust frå Anders Søreide
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Søknaden

Anders Søreide har naust ved Vardevatnet i Gloppen. I naustet ligg ein båt som både Søreide og andre grunneigarar i området disponerer. Dette naustet treng no rehabilitering, og i samband med rehabiliteringa ynskjer Søreide å heve taket på naustet med 30-50 cm.

Naustet har eit flatemål på 2 x 5 m, altså 10 m². Innvendig høgde oppunder mønet er om lag 1,8 m. Naustet er altså sopass lågt at ein ikkje kan stå oppreist inne, noko som er upraktisk når ein skal ha båt inn og ut. Det er det som er bakgrunnen for at Søreide no vil heve taket. Flatemål skal ikkje endrast.

Vedlagt til søknaden er eit bilete av naustet slik det er i dag. Det syner eit lite naust med torvtak, som glir veldig godt inn i terrenget. I bakkant fluktar taket på naustet med terrenget bak naustet.

Regelverk

Vedlikehald og rehabilitering er i utgangspunktet ikkje søknadspliktig, men dersom det fører til endring av fasaden må det søkjast om. Heve taket vil endre fasaden, og det må derfor søkjast om. Tiltak som kan endre landskapet sin art og karakter er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, men verneområdestyret kan gje løyve til ombygging av eksisterande bygningar på visse vilkår. Dette er omtala i verneforskrifta § 3 pkt 1.3 a):

1.3. *Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til:*

- a) *Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggeskikk.*

Det er med andre ord heimel i verneforskrifta for å gje løyve til det som Søreide søker om her, dersom ombygginga vert vurdert å vere innanfor tradisjonell byggeskikk.

Vurdering

Det er mange naust inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Vi kan grovt sett dele dei inn i to kategoriar. I ved dei store vatna i låglandet er det fleire naustmiljø der mange grunneigarar har relativt store naust. Ved dei mindre vatna i høgfjellet ligg det færre og mindre naust. Her er det og vanleg at fleire grunneigarar delar på båt og naust. Slik sett er naustet ved Vardevatnet typisk naust i høgfjellet i Naustdal-Gjengedal.

Det er ikkje noko klart definert lokal byggeskikk for desse nausta. Men felles for dei er at dei er små og enkle bygningar. Det både er og har vore tungvindt å frakte materialar og utstyr til desse nausta, og dei er derfor ikkje bygd verken større eller meir kompliserte enn det som er naudsnyt. Nausta er ofte bygd inn i terrenget slik at ein reduserer behovet for materialar og slik at dei skal tåle vind og ver betre. Slik sett er dette naustet veldig typisk for «høgfjellsnausta» i området. Å heve taket med 30-50 cm vil ikkje endre eksisterande byggeskikk so lenge ein brukar same material- og fargeval som det er på naustet i dag.

Føremålet med å heve taket er å få ståhøgde inne i naustet. Det vil arbeidet med å ha båt inn og ut av naustet enklare og det vil generelt sett gjere all bruk av naustet betre. Sjølv om det kanskje ikkje er tvingande naudsnyt for å kunne bruke naustet framover, so er det ikkje vanskeleg å forstå ynskje om å gjere bygget meir tenleg. Føremålet med tiltaket verkar til å vere naturleg og fornuftig.

I eit landskapsvernområde er føremålet å ta vare på landskapets art og karakter, og derfor unngå inngrep som endrar landskapet. Bygningar er med på å prege eit landskap og endringar på bygningars kan derfor endre landskapet. I dette tilfellet er likevel endringa på bygningen sopass liten at verknaden vil vere minimal, so lenge ein følgjer den byggeskikken som bygningen har i dag. Det tiltaket som det her er søkt om vil altsø ikkje påverke landskapets art og karakter nemneverdig.

Verneområdeforvaltar har vore i dette området både sommar og vinter og kjenner området godt. Søkjaren har og bidrige med informasjon og bilete av naustet slik det er i dag, so kunnskapsgrunnlaget i saka er tilstrekkeleg (jamfør naturmangfaldlova (nml) § 8). Forvaltaren er og trygg på at vi har kontroll på effektane av tiltaket, so føre-var-prinsippet (nml § 9) vert ikkje veklagt.

Ein bør alltid vurdere presedensverknad av byggesaker i eit verneområde, der ein vurderer den samla effekten av at det kan kome liknande saker i framtida. Dette gjelder eit lite naust som ligg for seg sjølv. Desse «høgfjellsnausta» gjer som regel det. Sopass små fasadeendringar på få bygningar som ligg spreidd vil ha liten verknad på verneområdet og samla belastning (jamfør nml § 10) både av dette tiltaket og framtidige, liknande tiltak er godt innanfor det akseptable.

Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i denne saka.

Kort oppsummert so er det eit fornuftig føremål bak denne søknaden, tiltaket vert vurdert til å vere innanfor tradisjonell byggeskikk og det kan ikkje seiast å ha verknad på landskapets art og karakter. Det er derfor tilrådeleg å gje løyve til dette tiltaket.

Arkivsaksnr: 2015/4153-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 29.02.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/2016	11.03.2016

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombjørde - Søknad om helikopterlandning - Indre Sunnfjord Turlag

Framlegg til vedtak frå forvaltar

Indre Sunnfjord Turlag får løyve til å lande ved Longevasshytta i samband med transport av varer, forsyningar og materialar til hytta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.e) og f) og gjeld på følgjande vilkår:

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for åra 2016 – 2019 og i periodane 1.6 – 15.8 og 5.9 – 30.9 desse åra.
- Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Statens naturoppsyn v/Rune Holen (tlf: 975 95 102) skal informerast om flyginga seinast dagen før flyginga vert gjennomført. SNO kan stogge flyging dersom omsyn til villrein eller andre tilhøve skulle tilseie det.
- Det skal ikkje landast ved hytta dersom villreinen står mindre enn 1 km frå hytta.
- Kvart år skal det sendast ein kort rapport om flyginga til verneområdeforvaltar.
- Indre Sunnfjord Turlag må sjølv syte føre å ha naudsynte løyve frå kommunar og grunneigarar.

Dette løyvet skal vere med under flyginga

Saksprotokoll Naustdal-Gjengedal verneområdestyre møte 1/2016 - 11.03.2016

Vedtak

Indre Sunnfjord Turlag får løyve til å lande ved Longevasshytta i samband med transport av varer, forsyningar og materialar til hytta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.e) og f) og gjeld på følgjande vilkår:

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for inntil 5 turar kvart år i perioden.
- Løyvet gjeld for åra 2016 – 2019 og i periodane 1.6 – 15.8 og 5.9 – 30.9 desse åra.
- Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Statens naturoppsyn v/Rune Holen (tlf: 975 95 102) skal informerast om flyginga seinast dagen før flyginga vert gjennomført. SNO kan stogge flyging dersom omsyn til villrein eller andre tilhøve skulle tilseie det.
- Det skal ikkje landast ved hytta dersom villreinen står mindre enn 1 km frå hytta.
- Kvart år skal det sendast ein kort rapport om flyginga til verneområdeforvaltar.
- Indre Sunnfjord Turlag må sjølv syte føre å ha naudsynte løyve frå kommunar og grunneigarar.
- Dette løyvet skal vere med under flyginga

Saksopplysninger

Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig helikopterløyve frå Indre Sunnfjord Turlag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Søknaden

Indre Sunnfjord Turlag (IST) har sendt inn søknad til verneområdestyret via det elektroniske søknadsskjemaet for motorferdsel. Her søker dei om løyve til å lande ved Longevasshytta i samband med transport av varer, forsyningar og materialar til hytta. Turlaget søker om eit fleirårig løyve og inntil fem landingar kvart år. IST ynskjer å ha løyve i to periodar gjennom året, ein periode tidleg på sommaren frå 1.juni og utover og ein periode på hausten fram til 30.sept.

Transportane skal gå frå Legestøylen i Jølster til Longevasshytta.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel, inkludert landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Men, forvalningsstyretema kan gje løyve til landing med helikopter i samband med transport av varer og forsyningar til hytter i landskapsvernområdet. Dette er heimla i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.e) og f):

5.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

e) transport av varer til hytter og stølar

f) transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruar og liknande.

Forvaltningsstyresmakta har altso heimel i verneforskrifta til å gje eit slikt løyve som det er søkt om.

I tillegg til eit eventuelt løyve frå forvaltningsstyresmakta, so må ein ha løyve frå kommunen og løyve frå grunneigar der som ein skal lande.

Vurdering

Turlaget sitt behov for å frakte varer, forsyningar og materialar til hyttene sine er eit reelt og naturleg behov. I samband med drift av hyttene trengs mat, ved, gass og andre ting, særleg på ei sjølvbetjent hytte som Longevasshytta. Det vil og vere behov for materialar, verktøy og utstyr i samband med vedlikehald av hytta og andre installasjonar. Verneområdestyret har som forvaltningspraksis å kome desse behova i møte, og det står og omtala i forvaltningsplanen.

IST vil ha to mulege periodar for å gjennomføre transport. Ein tidleg på sommaren og ein periode på hausten. Dette for å ha litt fleksibilitet og for å få det til å passe med både dugnad på hytta og sesong for besökande.

Tidleg på sommaren kan vere ei sårbar tid for hekkande fugl og særleg rovfugl. Turlaget har her søkt om løyve frå 1.juni, og då er ein forbi den mest sårbare perioden. Belastinga vil dessutan vere ganske kortvarig når det er snakk om eit lågt tal på hiv/flygingar. Det er derfor ikkje venta at dette vil vere særleg problematisk for rovfugl, og heller ikkje for andre verne- eller naturverdiar i området.

Den andre perioden turlaget søker om er på hausten fram mot 30.sept. Villreinjakta byrjar 20.aug, og reinen kan befinne seg i dette området, sjølv om den som regel står lenger mot nord og/eller vest. Ein bør uansett unngå flyging i området i starten av jakta når jaktaktiviteten er høgast. Erfaringsmessig vil dei fleste reinsløya vere felte når vi kjem litt ut i september.

Det er søkt om inntil fem hiv kvart år. Det verkar til å vere eit fornuftig nivå, og det er innanfor dei rammene som er signalisert i forvaltningsplanen. Ruta dei søker om eir eit logisk og fornuftig ruteval.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova kap II

I følgje naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan ha verknad på naturmiljøet, vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Det er ganske vanleg å bruke helikopter til transport av forsyningar, materialar, utstyr mm. i verneområder, særleg i barmarksesongen. Erfaring og kunnskap syner at dette er den mest skånsame måten å gjennomføre ein slik transport på, då den ikkje set spor i terrenget. Omsyn til villrein og rovfugl vil verte lagt vekt på når periodar for flyging vert bestemt i eit eventuelt løyve, og det vil kunne leggast vilkår om slike omsyn. Databasane Naturbase og Artskart syner ingen sårbar førekommstar i dette området som kan verte påverka negativt av tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8) kring tiltaket er godt, og føre-var-prinsippet (jf. § 9) treng derfor ikkje nyttast.

Omfanget av motorferdsel i dette området er lågt. Det har vore litt høgare i 2015, grunna byggjearbeid på Longevasshytta, men dette har og vore i regulerte former. Det er få andre bygningar i dette

området, og dei får dekka transportbehov gjennom skuterløyve på seinvinteren/våren. Den samla belastinga (jf. § 10) av motorferdsel i dette området er låg, og forvaltninga ser på den som uproblematisk so lenge løyve og vilkår vert fylgt. . Det er ikkje forventa at tiltaket kan føre til skade på naturmiljøet som kan utløyse krav om miljøerstatning (jf. § 11). Som påpeika tidlegare er bruk av helikopter vurdert til å vere den mest skånsame måten (jf. § 12) å gjennomføre ein slik transport på.

Arkivsaksnr: 2016/657-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 29.02.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/2016	11.03.2016

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Fleirårig øvingsplan - Gloppen Røde Kors Hjelpekorps

Framlegg til vedtak fra verneområdeforvaltar:

Løyvet som Gloppen Røde Kors Hjelpekorps har fått til kjentmannskøyring i 2016, vert utvida til å gjelde for peioden 2016 – 2018, i tråd med øvingsplanen.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Løyvet gjeld for desse rutene/områda:

- Jardalen – Svartekari, 1 tur med 1 snøskuter og 1 tur med 2 snøskuterar
- Morafta, 1 tur med 2 snøskuterar
- Ryssdalen – Dalevatnet – Nesstøylen, 1 tur med 2 snøskuterar

Vilkår for løyvet:

- Løyve, øvingsplan og køyrebonifikasjon skal vere med under køyring.
- Løyvet kan berre brukast til kjentmannskøyring, og ikkje til generell øvingskøyring.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar og heilagdagar med mindre det er strengt naudsynt.
- Det skal takast omsyn til villrein. Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Statens naturoppsyn (tlf 975 95 102) skal varslast før køyring tek til.
- Det skal sendast rapport om gjennomført køyring til forvaltaren innan 1. juni.

Saksprotokoll Naustdal-Gjengedal verneområdestyre møte 1/2016 - 11.03.2016

Vedtak

Løyvet som Gloppen Røde Kors Hjelpekorps har fått til kjentmannskøyring i 2016, vert utvida til å gjelde for peioden 2016 – 2018, i tråd med øvingsplanen.

Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Løyvet gjeld for desse rutene/områda:

- Jardalen – Svartekari, 1 tur med 1 snøskuter og 1 tur med 2 snøskuterar
- Morafta, 1 tur med 2 snøskuterar
- Ryssdalen – Dalevatnet – Nesstøylen, 1 tur med 2 snøskuterar

Vilkår for løyvet:

- Løyve, øvingsplan og køyrebok skal vere med under køyring.
- Løyvet kan berre brukast til kjentmannskøyring, og ikkje til generell øvingskøyring.
- Det skal ikkje køyrast på sundagar og heilagdagar med mindre det er strengt naudsynt.
- Det skal takast omsyn til villrein. Det skal ikkje køyrast nærmare villrein enn 500m.
- Statens naturoppsyn (tlf 975 95 102) skal varslast før køyring tek til.
- Det skal sendast rapport om gjennomført køyring til forvaltaren innan 1. juni.

Vurdering

Dokument i saka:

- Øvingsplan Gloppen Røde Kors Hjelpekorps 2016-2018
- Naturmangfoldlova
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal
- Rundskriv om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområde, av 31.01.13
- Delegert vedtak – løyve til kjentmannskøyring 2016

Søknad

Gloppen Røde Kors Hjelpekorps har levert inn øvingsplan som inkluderar kjentmannskøyring på tre ruter som går inn i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombjøde, for perioden 2016 – 2018. Øvingsplanen er godkjent av lensmannen i Gloppen.

Øvingsplanen inkluderer:

- Kjentmannskøyring i Jardalenområdet. Ein tur med ein skuter i lag med sankelaget når dei køyrer ut saltstein, og ein tur med to skuterar. Begge turane skal gjennomførast i februar/mars.
- Kjentmannskøyring til Morafta. Ein tur med to skuterar i februar/mars.
- Kjentmannskøyring i området Ryssdalen – Dalevatnet – Nesstøylen. Ein tur med to skuterar i februar/mars.

Regelverk

Søknader om kjentmannskøyring skal handsamast etter Rundskriv om redningstenesta sin bruk av snøskuter i utmark og verneområde av 31.01.13, frå dåverande Miljøverndepartementet. Vidare skal sakene i følge det rundskrivet vurderast opp mot naturmangfaldlova (nml) sin generelle dispensasjonheimel i § 48, første alternativ (understreka):

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I slike «§48-saker» skal altso tiltaket vurderast opp mot verneverdiene og ikkje minst verneføremålet i § 2 i verneforskrifta.

Vurdering

Eg viser til den vurderinga som er gjort i løyvet som er gjeve for 2016 som delegert vedtak. Delegerte vedtak kan berre gjevest for eittårige løyve. Løyve som går over fleire år er det berre verneområdestyret som kan gje. Vurdering for åra 2017 og 2018 vil vere den same som for 2016. Eg ser ikkje nokon grunn til at det skal leggast andre tilhøve til grunn, verken i kunnskapsgrunnlaget eller i rundskrivet.

Det er positivt at hjelpekorpsset set opp fleirårig øvingsplan. Då vert aktiviteten meir føreseieleg og det sparar både hjelpekorps, politi og verneområdeforvaltninga for papirarbeid. Det er og i tråd med retningslinjene i rundskrivet.

Arkivsaksnr: 2015/293-0

Saksbehandler: Magnus Snøtun

Dato: 29.02.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	8/2016	11.03.2016

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Fleirårig øvingsplan - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps

Forvaltar si innstilling

Verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal gjev etter § 48 i naturmangfaldslova løyve til kjentmannskøyring for Naustdal Røde Kors Hjelpekorps i samsvar med øvingsplan på følgjande ruter med påfølgjande vilkår i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i 2017, 2018 og 2019:

1. Fimland – Sandfjellet, 4 turar med 2 snøskuterar.
2. Nes – Vonavatnet – Longvasshytta, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.
3. Nes – Vonavatnet – Vonaskaret, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.

Vilkår:

- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Særleg villrein som ikkje skal passerast nærmare enn minimum 500 meter. Det er ikkje ønskjeleg at turen opp til Vonaskaret vert gjennomført etter 1. april.
- Etter retningslinjene for kjentmannskøyring, skal lokal redningssentral varsle forvaltinga ved utskrivning av køyreordre. For å kunne informere om villreinen i området, skal lokalt SNO varslast per telefon i forkant av kjentmannsturane (tlf. 975 95 102).
- Løyve til motorferdsel skal takast med under transporten.
- Ein rapport med dato for turar, trase, og tal snøskuterar skal sendast årleg til nasjonalparkforvaltaren innan 1. juni.

Saksprotokoll Naustdal-Gjengedal verneområdestyre møte 1/2016 - 11.03.2016

Vedtak

Verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal gjev etter § 48 i naturmangfaldslova løyve til kjentmannskøyring for Naustdal Røde Kors Hjelpekorps i samsvar med øvingsplan på følgjande ruter med påfølgjande vilkår i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i 2017, 2018 og 2019:

1. Fimland – Sandfjellet, 4 turar med 2 snøskuterar.
2. Nes – Vonavatnet – Longvasshytta, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.
3. Nes – Vonavatnet – Vonaskaret, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.

Vilkår:

- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Særleg villrein som ikkje skal passerast nærmere enn minimum 500 meter. Det er ikkje ønskjeleg at turen opp til Vonaskaret vert gjennomført etter 1. april.
- Etter retningslinjene for kjentmannskøyring, skal lokal redningssentral varsle forvaltninga ved utskrivning av køyreordre. For å kunne informere om villreinen i området, skal lokalt SNO varslast per telefon i forkant av kjentmannsturane (tlf. 975 95 102).
- Løyve til motorferdsel skal takast med under transporten.
- Ein rapport med dato for turar, trase, og tal snøskuterar skal sendast årleg til nasjonalparkforvaltaren innan 1. juni.

Av omsyn til andre brukarar i området er det ønskjeleg at kjentmannskøyringa vert gjennomført midt i veka, men sidan dette er frivillig arbeid vert det opna for bruk av helgedagar dersom det er naudsynt.

Saksopplysninger

Dokument i saka

- Øvingsplan 2016-2019 Naustdal Røde Kors Hjelpekorps
- Søknad av 11.12.2015, frå Røde Kors avd. Nasjonal Beredskap og Hjelpekorps.
- Vest politidistrikt si godkjenning av øvingsplan datert 20.01.2016

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde av 1. september 2009
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Via Sogn og Fjordane Røde Kors, søker Naustdal Røde Kors Hjelpekorps om kjentmannskøyring i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Øvingsplanen gjeld i år for fire år, frå 2016 til og med 2019. Det er gjort delegert vedtak om kjentmannskøyring basert på denne planen og godkjenning for 2016. Denne behandlinga gjeld fleirårig løyve for det resterande av perioden.

Øvingsplanen er i hovudsak lik planane dei siste åra, men talet på turar opp på Sandfjellet er auka frå to til fire. Behovet for tal turar er vurdert av Røde Kors avd. Nasjonal Beredskap og Hjelpekorps og Politimeisteren i Sogn og Fjordane er lagt til grunn for vurderingane til verneområdestyret. Det er veldig bra at hjelpekorps inkluderer all kjentmannskøyring i området, også utanfor verneområdet.

Øvingsplanen listar opp tre ruter for kjentmannskøyring langs dei mest brukte utfartsområda i verneområdet. Det er dei same traseane som vart nytta for kjentmannskøyring sidan 2013.

År	Longvasshytta	Vonaskaret	Sandfjellet
Løyve 2013	2 turar m 3 skutarar	2 turar m 3 skutarar	2 turar m 3 skutarar
Løyve 2014	3 turar m 3 skutarar	3 turar m 3 skutarar	2 turar m 2 skutarar
Løyve 2015	3 turar m 3 skutarar	3 turar m 3 skutarar	2 turar m 2 skutarar
Løyve 2016	3 turar m 3 skutarar	3 turar m 3 skutarar	4 turar m 2 skutarar
Tilråding 2017 – 2019	3 turar m 3 skutarar	3 turar m 3 skutarar	4 turar m 2 skutarar

Heimel

Etter retningslinjene skal søknad om kjentmannskøyring behandlast etter første alternativ i den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Vurdering

I retningslinjene heiter det: «Dersom øvingsplanen er forankret sentralt (på nasjonalt nivå) hos Røde Kors Hjelpekorps ... og planen er i samsvar med vurderinger fra lokal redningssentral, skal forvaltningsmyndigheten normalt gi dispensasjon til kjøring som omsøkt i planen, herunder gi dispensasjon for flere år av gangen, såfremt dette ikke vil stride mot vernevedtakets formål og ikke vil påvirke verneverdiene nevneverdig.»

Formålet er definert i verneforskrifta (§2):

«Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.»

Friluftsliv er eit verneformål med verneområdet og den førebyggande redningstenesta er viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Den frivillige delen av redningstenesta er viktig for blant anna fjellredningstenesta. Dei har behov for å gjere seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei skal gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdrag på ein effektiv måte og for å sikre eigne hjelpeemannskap.

I dei nye retningslinjene frå departementet er det definert eit klart skilje mellom øvingsverksem og kjentmannskøring. Øvingsverksem skal leggast utanfor verneområda, men redningstenesta er «...til en viss grad være avhengige av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent ("kjentmannskøring")...».

Traseane går inn i dei mest brukte utfartsområda i verneområdet; toppturområdet ved Sandfjellet, vinterløypa inn til Langvasshytta og oppgangen frå Vonavatnet mot Blåfjellet.

Villrein er ikkje del av verneformålet, men samtidig ein ansvarsart for Noreg. Særleg traseen opp til Vonaskaret og vidare mot Blåfjellet går opp mot grensa av kjerneområdet for Førdefjella villreinområde. Nordsida av Vonavatnet mot Gotdalen er definert som vinterområde og delvis kalvingsområde i kartlegginga av villreinområde i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombanen.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane uttalte i 2013 at det er observert rein her vinterstid dei siste åra og at ein her må vere merksam på moglegheitene for å treffe rein. Villreinnemnda meinte då at traseen opp til Vonaskaret bør gjerast tidleg på vinteren og før 1. april. Det er ikkje registrert hekkelokalitetar av større rovfuglar i dette området, men det er heller ikkje gjennomført systematisk kartlegging i dette området. Kunnskapsgrunnlaget vert likevel vurdert som godt nok til å ta stilling til denne saka (§8 naturmangfaldslova).

Vest politidistrikt har vurdert og godkjent den beredskapsmessige delen av øvingsplanen til Naustdal Røde Kors Hjelpekorps for perioden 2016-2019.

Etter føre-var-prinsippet vert det sett vilkår om omsynsfull ferdsel, særleg med omsyn til å halde avstand til villrein (§9 i nml.). Vinteren er generelt ei sårbar tid for reinen då reinen går på sparebluss i høve energibruk og reinen er særleg sårbar for forstyrring nær kalvingsområda på ettermiddagen. Det er derfor ønskjeleg at særleg den siste turen opp til Vonaskaret vert gjennomført før 1. april. Av omsyn til andre brukarar i området er det ønskjeleg at kjentmannskøringa vert gjennomført midt i veka, men sidan dette er frivillig arbeid vert det opna for bruk av helgedagar dersom det er naudsynt.

Den samla belastninga av ferdsel er viktig for belastninga på villreinen. Det er viktig at kjentmannskørysaktiviteten vert konsentrert om trasear kor mange ferdast og kor det er sannsynleg å køyre ved reelt redningsoppdrag. Dersom Naustdal Røde Kors har køyreoppdrag i området utanom, vert det forventa at desse turane i stort sett mogleg grad erstattar kjentmannskøringa slik at den samla belastinga ikkje vert for stor (§10 i nml.)

§§ 11 og 12 i nml. er ikkje relevant i denne saka.

Arkivsaksnr: 2016/879-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 29.02.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	9/2016	11.03.2016

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Prioritering av tiltaksmidlar for 2016

Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått kr 550.000 i tiltaksmidlar for 2016. Desse skal nyttast på dei tiltaka som vart sett opp på i bestillingsdialogen i fjar haust. Lista som vart sendt inn då ser slik ut (nokre av summane er oppdaterte):

Priorit ering	Tiltak	Skildring av tiltaket	Samarbeids- aktørar	Gjennomf ørings- periode	Kostnads- overslag
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Halde fram med slått på Arnestadstøylen	Arnestad grunneigarlag	Årleg	10000
2	Naturhus Langedalen - 1	Informasjonsmateriell / Infopunkt på Naturhuset i Langedalen. Fylle huset med innhold	Grunneigarane på Gimmestad, Gloppe kommune	2016	50000
3	Merke T-ruta Langedalen - Longevasshytta	Den t-merka ruta frå Langedalen til Longevasshytta treng vedlikehald. Betre merking og skilting.	Indre Sunnfjord Turlag, Midtre Nordfjord Turlag	2016	10000
4	Skilt i Traudalen	Rydde opp i skiltjungel. Bestille nye skilt i tråd med nasjonal standard	Gloppe kommune, Rygg og Grov sameige	2016	10000
5	Fjerning av ikkje- ynskte artar	førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	SNO, grunneigarar	Kontinuerl eg	100000
6	Sti Arnestadstøylen	Rydde, Merke, enkle tiltak på stien frå Osen og inn til Arnestadstøylen. Vurdere Sherpa-arbeid på delar av strekninga.	Arnestad grunneigarlag	2016	25000
7	Sti langs Stegsvatnet	Gjere tiltak i det mest utfordrande partiet under Stegen på den merka ruta frå Årdalen til Longevasshytta	Indre Sunnfjord Turlag, grunneigarar	2016	40000

8	Produksjon av trekloppar	Produksjon/innkjøp av bord til legging av trekloppar	Tenestekjøp	2016	70000
9	Ulike stiftak	Ulike behov for å reparere stiar og liknande etter den snørike vinteren 2014/2015	Grunneigarar	2016	50000
10	Sti Breidalen	Utbetra steinete sti første halvdel, klopplegge andre halvdel	Grunneigarar		25000
11	Sti til ytre Kandalsstøylen/Nesstøylen	Enkle tilretteleggingstiltak	Grunneigarar		25000
12	Stiarbeid Sørsendalen	Utbetra sti frå Kandalsstøylen og oppover Sørsendalen	Grunneigarar	2016?	25000
13	Sti langs Storevatnet	Vedlikehald i Urabakkane. Klopplegging i området frå Urabakkane til Byrkjeneset	Gjengedal beitelag, grunneigarar	2016	60000
14	Sti Vonavatnet - Nesstølen	Bygge vidare på arbeidet som vart gjort i 2013 og 2015.	Grunneigarar, SNO, Utmarkslaget		111000
				SUM	576000

Miljødirektoratet skriv i tildelinga at tiltak nr 2 – Naturhus i Langedalen, skal avvente.

Handsaming i møte

For nokre av tiltaka er det laga meir konkrete planer i løpet av vinteren. Meir konkrete planer og arbeidsfordeling gjev sikrare kostnadstal. Dette er noko som bør takast omsyn til i prioriteringane. Det har og kome til nokre nye innspel i frå grunneigarar og brukarar. Verneområdeforvaltaren vil gjere greie for desse.

Verneområdestyret må gjere ei fordeling/prioritering av korleis desse midlane skal nyttast i 2016.

Saksprotokoll Naustdal-Gjengedal verneområdestyre møte 1/2016 - 11.03.2016

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtok å bruke dei tildelte midlane i tråd med denne prioriteringslista.

Prioritering	Tiltak	Skildring av tiltaket	Samarbeidsaktørar	Gjennomføringsperiode	Kostnadsoverslag
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Halde fram med slått på Arnestadstøylen	Arnestad grunneigarlag	Årleg	10000
2	Naturhus Langedalen - 1	Informasjonsmateriell / Infopunkt på Naturhuset i Langedalen. Fylle huset med innhald	Grunneigarane på Gimlestadel, Gloppen kommune	2016	50000
3	Sti Vonavatnet - Nesstølen	Bygge vidare på arbeidet som vart gjort i 2013 og 2015.	Grunneigarar, SNO, Utmarkslaget	2016	111000
4	Sti Arnestadstøylen	Rydde, Merke, enkle tiltak på stien frå Osen og inn til Arnestadstøylen. Vurdere Sherparbeid på delar av strekninga.	Arnestad grunneigarlag	2016	40000
5	Sti langs Stegsvatnet	Gjere tiltak i det mest utfordrande partiet under Stegen på den merka ruta frå Årdalen til Longevasshytta	Indre Sunnfjord Turlag, grunneigarar	2016	40000
6	Merke T-ruta Langedalen - Longevasshytta	Den t-merka ruta frå Langedalen til Longevasshytta treng vedlikehald. Betre merking og skilting.	Indre Sunnfjord Turlag, Midtre Nordfjord Turlag	2016	10000
7	Skilt i Traudalen	Rydde opp i skiltjungel. Bestille nye skilt i tråd med nasjonal standard	Gloppen kommune, Rygg og Grov sameige	2016	10000
8	Fjerning av ikkje-yntskte artar	førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	SNO, grunneigarar	Kontinuerleg	100000
9	Produksjon av trekloppar	Produksjon/innkjøp av bord til legging av trekloppar	Tenestekjøp	2016	70000
10	Ulike stitiltak	Ulike behov for å reparere stiar og liknande etter den snørike vinteren 2014/2015	Grunneigarar	2016	50000
11	Sti Breidalen	Utbetra steinete sti første halvdel, klopplegg andre halvdel	Grunneigarar		25000
12	Sti til ytre Kandalsstøylen/Nes støylen	Enkle tilretteleggingstiltak	Grunneigarar		25000
13	Stiarbeid Sørsendalen	Utbetra sti frå Kandalsstøylen og oppover Sørsendalen	Grunneigarar	2016?	25000
14	Sti langs Storevatnet	Vedlikehald i Urabakkane. Klopplegging i området frå Urabakkane til Byrkjeneset	Gjengedal beiteland, grunneigarar	2016	60000

PS: Kostnadsoverslaga er rettleiande summar

Arkivsaksnr: 2016/879-0

Saksbehandler: Alf Erik Rørvik

Dato: 29.02.2016

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	10/2016	11.03.2016

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Besøksstrategi

Bakgrunn

Besøksforvaltning har vore eit sentralt tema for den nasjonale nasjonalpark- og verneområdeforvaltninga siste åra. Miljødirektoratet har jobba mykje med det, og hatt eit pilotprosjekt gåande, der nokre nasjonalparkar har vore med og laga besøksstrategiar. Det er eit ynskje at alle verneområda skal lage besøksstrategi og ha denne som eit grunnlag for forvaltninga framover. Vi ser og at besøksstrategi er eit krav for å få prioritere tiltaksmidlar til enkelte føremål.

Besøksforvaltning handlar om korleis ein skal ta i mot, møte og handtere dei som besøkjer verneområdet. Målet er å gje den besøkande gode opplevelingar og legge til rette for lokal verdiskaping, men utan at dette skal gå ut over verneverdiar og naturverdiar.

Ein viktig del av besøksforvaltninga er å utarbeide ein besøksstrategi. Den skal vere kunnskapsbasert og seie noko om dei besøkande, om reiseliv og om sårbare naturverdiar. Deretter skal det takast nokre strategiske val og eit set opp tiltak og satsingar.

Status for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombord

Vi har ikkje besøksstrategi eller liknande dokument frå før. Vi har litt kunnskap om dei besøkande, men denne er nok både litt mangefull og lite kvalitetssikra. Det vi veit ganske sikkert er at omfanget av besøkande er mindre enn i dei store nasjonalparkane. Og at vi har mindre utfordringar knytt til bruk og slitasje enn dei mest besøkte. Vi har og grunnlag for å tru at området er lite brukt til kommersielt/organisert reiseliv.

Eg vil likevel meine at vi har behov for ein besøksstrategi. Kvart år får vi tiltaksmidlar, og ein stor del av desse går til å legge til rette for brukarar. Naustdal-Gjengedal har og eit potensiale for verdiskaping knytt til reiseliv og friluftsliv som per i dag ikkje er utnytta. Ein besøksstrategi vil vere eit nyttig dokument for å sikre god og målretta bruk av midlane og for å legge til rette for auka verdiskaping.

Handsaming i møte

- Verneområdestyret må først og fremst ta stilling til om det skal utarbeidast ein besøksstrategi.
- Dersom det skal utarbeidast besøksstrategi må verneområdestyret legge føringar for arbeidet.

Verneområdeforvaltaren vil legge fram eit utkast til prosjektplan for arbeidet

Saksprotokoll Naustdal-Gjengedal verneområdestyre møte 1/2016 - 11.03.2016

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vil utarbeide ein besøksstrategi for landskapsvernombordet.

Verneområdestyret set ned ei prosjektgruppe som skal jobbe med strategien:

- Iris Loftheim, styremedlem
- Alf Erik Røyrvik, verneområdeforvaltar
- Rune Holen, naturopsyn

ST 11/2016 Eventuelt

Ingen saker